

# KVARTALSRAPPORT

## 2. kvartal – 2007



Foto: Thorger Røer

SpareBank 1 Hallingdal er med som sponsor for Hallingrittet. Sjølv om været ikkje viste seg frå si beste side var det meir enn 500 deltakarar. Dagen etter vart dalens «minste» sykkelritt, Labb og Line Sykkelfestival, arrangert for fyrste gong til stor glede for dei små deltakarane.

# SpareBank 1 Hallingdal

GOL • HEMSEDAL • ÅL • VALDRES

## KOMMENTARAR 2. KVARTAL 2007

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. Dotterselskapa har liten påverknad på konsernrekneskapen, og rapporten omhandlar difor morbanken.

### RESULTATUTVIKLINGA

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 17,9 mill. kroner som tilsvarar 0,84% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 22,5 mill. kroner. Resultatet er 1,3 mill. høgare enn forventa.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 42,5 mill. kroner mot 41,2 mill. i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,98%. På same tid i fjor var rentenettoen 2,15%. I kroner er auken på 1,3 mill eller 3,1%, men mindre enn venta i ei tid med renteoppgang.

Netto andre driftsinntekter er på 18,2 mill. kroner mot 18,4 mill. i same periode i fjor. I høve til fjoråret trekkjer 0,3 mill. i mindre netto provisjonsinntekter, og 0,5 mill i mindreinntekter frå valuta og finansielle derivat resultatet ned. I positiv retning trekkjer 0,5 mill. i meirinntekter i utbytte frå selskap, i hovudsak utbytte frå SpareBank 1 Gruppen AS.

Driftskostnadane aukar frå 35,8 til 36,3 mill. kroner. Løns- og generelle administrasjonskostnadar viser ein auke på om lag 0,5 mill. kroner, medan andre driftskostnader har ein reduksjon på 0,5 mill. Kostnadsutviklinga er som forventa.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 0,6 mill. kroner, og er mindre enn forventa. I dette ligg det ein auke på 1,8 mill. i individuelle nedskrivingar og ein reduksjon på 1,3 mill. i gruppevisse nedskrivingar.

Sjølv om rentenettoen er mindre enn venta, er realisering av aksjegevinst med på å halde resultat før tap på eit forventa nivå. Positive utslag på tapspostane gjer at resultatet samla sett er noko betre enn budsjettert.

### BALANSEUTVIKLINGA

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 4.603 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 14,7% siste 12 månader. Frå årsskiftet er auken 5,6%.

Utlånsvolumet utviklar seg positivt. På privatmarknaden har utlåna auka med 14,7% siste året. Så langt i år er veksten omreka til årsvekst 11,0%. På bedriftsmarknaden er veksten siste året 15,2%, medan årsveksten så langt i år er på 23,6%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er no 37,2% av samla utlån og har auka noko siste kvartal. Utlån til privatmarknaden utgjer 62,8%. Totale utlån ved utgangen av 2. kvartal utgjer 4.110 mill. kroner, og er 532 millionar meir enn for eit år sidan. Innafor privatmarknaden er 61% av utlåna til kundar i lokalmarknaden som er Hallingdal og Valdres. Av utlån til bedriftsmarknaden er heile 93% til kundar i lokalmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 51,8 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,27% av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 13,4 mill. kroner per 2. kvartal og er ein auke frå 13,1 mill. ved utgangen av 2006. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 250,1 mill. kroner. Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 224,5 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til kostpris 25,6 mill. Porteføljen har ein kursreserve på 9,5 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 2.566 mill. kroner, og er ein auke på 104,8 mill. frå same tid i fjor. Omreka i prosent er det ein vekst siste året på 4,3%. Sidan nyttår er innskota auka med 25 mill. eller 1,9%. Med auke i utlån og reduksjon i innskot går finansieringsgraden (innskot/utlån) ned frå 66,0% ved årsskiftet til 62,6% ved utgangen av kvartalet. På same tid i fjor var den 69,8%. Banken må i stor grad finansiere utlånsvæksten med innlån i marknaden.

Ved utgangen av kvartalet har banken 4 obligasjonslån og eit sertifikatlån på til saman 900 mill. kroner. Samla ekstern finansiering utgjer 1.277 mill. kroner. Av dette har 1.127 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kroner i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 25 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 18,7% ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

### FRAMTIDSUTSIKTER

Utlånsvæksten i 2. kvartal vil halde fram i 3. kvartal. Sjølv om det er teikn som tyder på at den private utlånsvæksten flatar noko ut, er optimismen blant utbyggjarane stor og ein ventar framleis god vekst i næringslivet.

Rentehevingane har enno ikkje påverka etterspørselen etter fritidsbustader i fjellet. Tidlegare erfaring viser at eit høgare rentenivå vil ha påverknad på etterspørselen, men det er uråd å seie når det blir merkbar.

Resultatet per 2. kvartal gir forventningar om eit årsresultat på nivå med fjoråret.

*Hallingdal, 30. juni/13. august 2007*

*Kjell Vidar Bergo*  
*formann*

*Kjell R. Kristiansen*  
*nestformann*

*Tomas Carlstrøm*

*Berit Heitmann Skrindo*

*Kristin Bakke*

*Mikael Fønhus*

## RESULTATREKNESKAP ALLE TAL I 1000 KR

	2007	2007	2006	2006	ÅRET
	2. KVT.	AKKU.	2. KVT.	AKKU.	2006
Renteinntekter og liknande inntekter	56 825	105 786	38 889	74 991	164 041
Rentekostnader og liknande kostnader	35 410	63 249	17 510	33 744	79 294
<b>NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINTEKTER</b>	<b>21 415</b>	<b>42 537</b>	<b>21 379</b>	<b>41 247</b>	<b>84 747</b>
Utbytte av verdipapir med variabel avkastning	629	1 678	1 119	1 157	1 400
Provisjonsinntekter og inntekter ved banktenester	6 793	12 944	6 031	13 279	26 386
Provisjonskostnader og kostn. ved banktenester	511	950	469	1 012	2 490
Netto gevinst/tap av valuta og verdipapir	2 760	3 595	3 065	4 096	4 821
Andre driftsinntekter	489	909	421	908	1 835
<b>NETTO ANDRE DRIFTSINTEKTER</b>	<b>10 160</b>	<b>18 176</b>	<b>10 167</b>	<b>18 428</b>	<b>31 952</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSINTEKTER</b>	<b>31 575</b>	<b>60 713</b>	<b>31 546</b>	<b>59 675</b>	<b>116 699</b>
Løn og generelle adm.kostnader	11 405	26 637	11 043	26 598	57 453
Avskrivningar driftsmiddel	427	838	460	946	1 637
Andre driftskostnader	4 409	8 888	4 070	8 237	17 104
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>16 241</b>	<b>36 363</b>	<b>15 573</b>	<b>35 781</b>	<b>76 194</b>
<b>DRIFTSRESULTAT FØR TAP</b>	<b>15 334</b>	<b>24 350</b>	<b>15 973</b>	<b>23 894</b>	<b>40 505</b>
Tap på utlån og garantiar	-322	629	-728	-3 999	-1 188
Nedskr og gevinst/tap på v.papir haldne på lang sikt	0	0	-1 412	-1 412	-2 995
Skatt på ordinært resultat	3 852	5 802	3 911	6 822	11 986
<b>RES AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT</b>	<b>11 804</b>	<b>17 919</b>	<b>14 202</b>	<b>22 483</b>	<b>32 702</b>

## BALANSE

	2007	2006	Året
<b>EIGEDELAR</b>	2. kvartal	2. kvartal	2006
Kontantar og fordringar på sentralbankar	42 659	36 718	-27 804
Netto utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	111 025	90 449	197 437
Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 109 704	3 577 370	3 813 575
<i>Individulle nedskrivningar</i>	-4 143	-1 063	-2 563
<i>Gruppevise nedskrivningar</i>	-9 280	-10 000	-10 600
Netto utlån til og fordringar på kundar	4 096 281	3 566 307	3 800 412
Overtekne eigedelar	0	0	0
Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	224 446	227 554	227 589
Aksjar	67 377	58 315	66 059
Eigarinteresser i konsern	4 389	1 170	4 389
Immaterielle eigedelar	0	1 106	0
Varige driftsmiddel	8 352	8 821	8 721
Andre eigedelar	26 290	8 469	3 674
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	22 081	14 916	21 533
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>4 602 900</b>	<b>4 013 825</b>	<b>4 357 618</b>

## GJELD OG EIGENKAPITAL

<b>GJELD</b>	2007	2006	Året
Gjeld til kredittinstitusjonar	377 000	277 000	377 000
Innskot frå og gjeld til kundar	2 565 845	2 461 034	2 518 020
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	942 872	592 055	726 540
Anna gjeld	9 532	25 463	76 080
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter	40 932	24 801	11 177
Avsetningar til forpliktingar og kostnader	11 794	8 186	11 795
<b>SUM GJELD</b>	<b>3 947 975</b>	<b>3 388 539</b>	<b>3 720 612</b>

## EIGENKAPITAL

Fond for vurderingsforskjellar			
Sparebanken sitt fond	637 006	602 803	637 006
Resultat hittil	17 919	22 483	
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>654 925</b>	<b>625 286</b>	<b>637 006</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>4 602 900</b>	<b>4 013 825</b>	<b>4 357 618</b>

## POSTAR UTANOM BALANSEN

Betinga forpliktingar	399 563	555 251	435 572
-----------------------	---------	---------	---------

## NØKKELTAL

	2007	2006	Året	Norm
	2. kvartal	2. kvartal	2006	2006
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn. forv.kapital	1,98	2,13	2,12	2,02
Driftskostnader i % av driftsinntekter	59,89	59,96	65,29	57,36
Driftskostnader i % av gj.sn. forv.kapital	1,70	1,85	1,91	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	7,34	9,61	7,26	13,23
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,55	7,38	5,31	9,68
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,02	-0,11	-0,03	0,07
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	14,88	16,80	16,57	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	4,26	11,71	9,22	13,54
Innskot i % av brutto utlån	62,43	68,79	66,03	
Auke i forv.kapitalen siste 12 mndr.	14,68	8,92	16,89	16,06
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital	630 985	597 744	630 727	
Kapitaldekning	18,64	19,59	19,65	14,79
Eigenkapitalprosent	14,23	15,58	14,62	8,18
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,33	0,31	0,35	0,52
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	73,55	76,02	73,64	61,21

## MISLEGHALD OG TAP PÅ UTLÅN

	2007	2006	Året
	2. kvartal	2. kvartal	2006
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	51 824	26 009	52 548
- individuell nedskrivning	4 162	0	2 040
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>47 662</b>	<b>26 009</b>	<b>50 508</b>
<b>IKKJE MISLEGH.LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	259	2 080	591
- individuell nedskrivning	191	1 063	523
<b>NETTO IKKJE MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>68</b>	<b>1 017</b>	<b>68</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIA</b>			
Endring gruppevis nedskrivning	-1 320	0	600
Endring individuell nedskrivning	1 801	-2 671	-1 171
Konstatert tap i perioden	152	0	858
Inngått på tidl.konst. tap	-4	-1 328	-1 475
<b>TILBAKEFØRING/TAP I PERIODEN</b>	<b>629</b>	<b>-3 999</b>	<b>-1 188</b>
Endring gruppevis nedskrivning bokført direkte mot eigenkapital/skatt	0	-12 145	-12 145

# SpareBank 1 Hallingdal

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol

Forretningsadr.  
Postboks 173  
3571 Ål

GOL  
Postboks 33  
3551 Gol

HEMSEDAL  
Postboks 23  
3561 Hemsedal

ÅL  
Postboks 173  
3571 Ål

VALDRES  
Postboks 183  
2901 Fagernes

Tlf 03202 - Faks 3202 3901 - post@hallingdal.sparebank1.no - www.hallingdal.sparebank1.no